
Bibelen i liturgien: Markus 10,13–16 som «den liturgiske bibelteksten»

INGUNN AADLAND

førsteamanuensis ved MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn
ingunn.aadland@mf.no

ABSTRACT

This article explores how Mark 10:13–16 acquires meaning as a liturgical text. The notion of the “liturgical biblical text” underscores that the text as rendered in the baptismal liturgy may be regarded as distinct from the text as it appears in the Bible. This distinction arises because the text is shaped through selective excerpts and paratexts, intertextual connections within the liturgy, and its ritual enactment. The study aims to investigate how the materiality of the context of use—in this case, the baptismal liturgy—configures both the biblical text and its interpretation. The research question is: How does the baptismal liturgy shape Mark 10:13–16? The primary source material comprises the baptismal liturgies of the Church of Norway from the late nineteenth century to the present. The article demonstrates how Mark 10 acquires meaning through its interplay with Lutheran baptismal theology and the culturally established narrative of Jesus and the children, a dynamic that ultimately influences contemporary Bible translations.

NØKKEWORD

Mark 10,13–16. Bibelresepsjon. Dåpsliturgi. Den liturgiske bibelteksten.

Innleiing

Kvar gong det er barnedåp i ei gudsteneste i Den norske kyrkja får kyrkjelyden høyre tekstutdraget om Jesus og barna frå Markusevangeliet. Lesinga vert innleia slik: «Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei». Innleiingsorda peikar på særleg to ting: Ein venleg Jesus, og ein aktiv Jesus som tek i mot og opnar Guds rike for barnet. Slik signaliserer liturgien at bibelteksten omhandlar ein terskel. Dette inngangsaspektet finn gjenklang i Mark 10,13-16, men det er ei gjeven forståing av dåp og konteksten i dåpsliturgien som skaper meningspotensialet.

Nokre bibelavsnitt lever eit aktivt liv utanfor Bibelen, og fungerer med det som sjølvstendige einingar meir eller mindre frikopla frå den bibelske konteksten. Markus 10,13-16 (heretter Mark 10) er ei slik eining. Avsnittet spelar ei sentral rolle i dåpsliturgien, og har vore sentral i teologisk grunngiving både for og mot barnedåp. I dåpssamanhengen er tekstutsnittet viktig i funksjon av å vere ein bibeltekst og eit Jesusord. Men brukskonteksten lagar ein alternativ inngang til lesinga, enn den som finst i Markusevangeliet. Slik vert Mark 10, i ein luthersk kontekst, ein dåpsteologisk lada bibeltekst.

Denne studien følger Mark 10 ut av Markusevangeliet, og inn i dåpsliturgien, og er slik eit bidrag til Bibelens resepsjonshistorie. Eg er interessert i korleis bibelteksten får mening og form gjennom dåpsliturgien, og vil utforska korleis samspelet mellom teologi og teksttolking set spor i gudstenestebøker og i Bibelen.

Teori og forskingskontekst

Bibelresepsjon reiser spørsmål knytt til tolking av bibeltekstar ut over den bibelske konteksten. Erkjenninga av at bibeltekstar får ulikt meningspotensiale i ulike bruks-samanhengar er ikkje ny, men forskning på Bibelen sin resepsjon har no blitt eit viktig felt også innanfor bibelfag. Eit døme er *The Nordic Bible: Bible Reception in Contemporary Nordic Societies* (Kartzow et al., 2024) med artiklar som på ulike måtar drøftar Bibelen i nordisk kontekst.

Eit avgjerande poeng i resepsjonsforskning er at Bibelen er ein dynamisk tekst med ulik utforming gjennom tidene (Breed, 2014). Innan materiell filologi er det òg ei viktig innsikt at den materielle presentasjonen er ein del av teksten og skapar mening (Lied og Lundhaug, 2017, s. 3). Ein tekst har nemleg ulike tilleggsselement som omformar og utvidar teksten for nettopp å presentera den. Genette kallar dette «paratekst» (Genette, 1997, s. 3). Dette kan vere illustrasjonar, tekst-dekor, overskrifter og notar. Bibelen er altså ein formbar tekst. Med John Bryant kan vi også seie at den er ein «flytande tekst» (Bryant, 2002, s.1). For bibelteksten er

materialisert i ulike omsetjingar og utgåver, med ulike føremål. Eg er oppteken av korleis den liturgiske konteksten formar bibelteksten. For det første kan bibelteksten som er gjengitt i dåpsliturgien, faktisk vere ein annan enn den som står i Bibelen. Liturgisk kontekst tilfører ei anna meiningsskaping enn i Bibelen, og aktiverer og konstituerer det eg kallar «den liturgiske teksten». Eg brukar dette omgrepet for å tydeleggjere noko som ofte er tilslørt i bruk, nemleg at bibelteksten får nye overskrifter, eigne utsnitt, og unntaksvis også ulik ordlyd (Sjå Aadland, 2023). Samtidig vert den presentert og fungerer som *Bibelen*. Dåpsritualet, med den tilhøyrande liturgien, produserer altså ein bestemt «tekst».¹

I dagens dåpsliturgi kan innbering, handspålegging og velsigning seiast å vere imitasjonar av bibelteksten. Det skjer ei kopling mellom ritual og bibeltekst gjennom liturgiens parafrasering og imitasjon av bibelteksten. Liturgien set element frå bibelforteljinga i scene. Dette kan ha ein rituell funksjon, men og ein didaktisk funksjon (Bradshaw, s. 50).² Ifølge Gordon W. Lathrop er det også eit poeng at bibelteksten gir struktur til liturgien (Lathrop, 2017, s. 99). I denne samanhengen er eg meir oppteken av korleis ein dåpsliturgi ved å gi Mark 10 ein særskilt funksjon, også gir struktur til bibelteksten. Ordlyd og meiningsskaping er ikkje gitt. T.d. heitte det i 1889 at dei «førte smaa barn,» og ikkje dei «bar småborn». Det er altså først med omsetjinga frå 1910/20 at Mark 10,13 verkeleg liknar på ein barnedåp. Eit anna døme på at teologi får følgjer for bibeltekstens ordlyd, er omsetjinga av Matt 28,19–20, den såkalla dåpsbefalinga. Med dissenterlova av 1845 vart spørsmål om dåp og den bibelske grunngivinga for barnedåp eit stridstema. I Matt 28 kunne ein lese: «Gaar derfor hen og lærer alle Folk, og døber dem (...)» (jf. *Bibelen* 1887), noko som var problematisk med omsyn til rekkjefølga av dåp og undervising. Endringa av bibelteksten til: «Gaar derfor hen og gjører alle Folk til Disciple, idet I døbe dem,» vart introdusert i alterboka i 1889, og før Bibelselskapet endra si omsetjing i 1893.³ Endringane i den liturgiske bibelteksten kom altså før endringa av bibelomsetjinga.

-
- 1 I artikkelen forstår eg «liturgi» som ordningar vedtekne av ulike kyrkjemøte. «Ritual», viser til den hendinga som liturgien søker å verkeleggjera (Veiteberg, 2006, s. 26).
 - 2 Bradshaw skiljer mellom «rememorative» og «representational» rites (Bradshaw, 1992, s. 49). Merk at ikkje all repetisjon, eller imitering treng å implisere at det er tale om liturgisk re-enactment. Wolterstorff hevdar at det i kristen liturgi sjelden er tale om reenactments, men repetitions (Wolterstorff, 2018, s. 149). Nærare bestemt «token-guided repetition» (Wolterstorff, 2018, s. 155–156).
 - 3 Det hadde vore strid om omsetjinga av «innstiftelsesordenes ordlyd» sidan 1850-åra. Striden handla om rekkjefølga på døpe og lære, og at bibelteksten ikkje skulle gi næring til baptistisk dåpssyn (Flatø, 1982, s. 61–62). Ifølge Holter stod bibelselskapet i «dogmatisk heilspenn» på grunn av misnøye med stadige revisjonar som kunne oppfattast som forfalsking av Skrifta (Holter, 1991, s. 95).

Mark 10 har også vore viktig for å grunnngi barnedåpen (Hegstad, 2019, s. 123). I ein studie påpeiker Gitte Buch-Hansen at Mark 10 ikkje seier noko om dåp, men når teksten vert lesen saman med Matt 28, slik den blir i den Danske folkekirke, fungerer den som legitimering av barnedåpen (2020, s. 17).⁴ Vidare i artikkelen argumenterer Buch-Hansen for at det greske substantivet παιδίον kan omsetjast med «slave,» og at det historisk sett er tale om slavar heller enn barn. Ho omset: «and they brought some slave lads to him in order that he should touch them (...)» (2020, s. 32). Ei slik omsetjing ville heilt klart forstyrra lesinga av denne bibelteksten i ramma av dåpsliturgien.

Fleire har forska på utviklinga av dåpsliturgien (Veiteberg, 2006). Til dømes førte liturgisk fornying i 2011 og 2017 med seg kritiske vurderingar av dåpsliturgien (Dokka, 2015; Elstad og Thorkildsen, 2017), og nye omsetjingsprosjekt utløyste ny forskning på bibelomsetjing (Justnes et al., 2013). I si ph.d.-avhandling analyserer Morten K. Beckmann Bibelselskapet sine omsetjingar og spør etter deira kristologi og ideologi (Beckmann, 2017). Beckmann har til dømes vist korleis dåpsteologi gjer seg gjeldande i bibelomsetjingar sitt noteapparat. Bibelselskapet, som vart oppretta allereie i 1816, hadde ein tydeleg luthersk profil heilt fram til 1984. Etter dette vart Bibelselskapet økumenisk, noko som også pregar *Bibel* 2011 (Sjå Beckmann, 2015, s. 406).

Denne artikkelen held seg til dåpsliturgien som kontekst for Mark 10. For det som etter mitt skjønn stadig manglar innanfor forskingsfeltet er utforsking på bibelresepsjon i liturgiske kontekstar, og korleis bibelavsnitt vert forma gjennom materiell kultur som til dømes alterbøker. Forskingsspørsmålet formulerer eg difor slik: Korleis formar dåpsliturgien Mark 10?

Materiale og metode

For å svara på forskningsspørsmålet om korleis dåpsliturgien formar Mark 10,13–16, vil eg sjå nærare på kva funksjon og utforming Mark 10 har i dåpsliturgiane frå 1889 og fram til i dag. Dei ulike alterbøkene, med tilhøyrande dåpsliturgiar og bibeltekstar, speglar endringar i kultur og dåpsteologi.⁵ I all hovudsak var det

4 I den danske Folkekirke finst to skriftlesingar, Matt 28 og Mark 10, etterfulgt av ein overgang som liknar liturgien frå 1889 «Så vil vi nu hjælpe dette barn (disse børn) til hans velsignelse ved at døbe det (dem) I Faderens og Sønnens og Helligåndens navn. (Se Dåb og fremstilling DK, 1992, s.2).

5 I 1783 forsvann eksorsismen og den såkalla syndeflodbøna frå ritualet (Flatø, 1982, s. 60–61). (Merk at her står «Matt 10,13–16», og ikkje Mark 10,13–16, s. 61). Ifølge Fæhn var mange prestar ikkje nøgd med dåpsritualet frå 1783. Fæhn omtaler t.d. «liturgiske selvrådigheter i

Gustav Jensen som utforma både liturgien i 1889 og i 1920. Frå denne perioden finst det fleire revisjonsforslag, og tilhøyrande debattar.⁶ Sidan eg i denne studien er oppteken av liturgisk bruk, avgrensar eg analysen til dei fastsette liturgiane som finst i alterbøkene.

Eg undersøker tekstavsnittet slik det vert lese i dåpsliturgiane, og det eg kallar den liturgiske bibelteksten. Der tradisjonell bibelvitskap først og fremst arbeider med utgangspunkt i ein hebraisk eller gresk grunntekst, vil studiet av den liturgiske bibelteksten ta for seg den liturgiske konteksten i alterboka med sideblikk til aktuelle bibelomsetjingar liturgien relaterer til. Denne er oftast henta frå gjeldande bibelomsetjingar på høvesvis dansk, bokmål og etterkvart nynorsk. Men det var ingen automatikk i at Bibelselskapet si autoriserte omsetjing skulle nyttast i liturgien (Flatø, 1982, s. 140). Å spora kva bibelomsetjing som danner grunnlag for dei ulike liturgiane er difor ikkje heilt enkelt.⁷ Den liturgiske bibelteksten er altså skiftande, i takt med liturgirevisjonar og nye bibelomsetjingar. I analysen ser eg på både bokmålstekstar og nynorsktekstar.

I analysen undersøker eg korleis Mark 10 får meining gjennom dåpsritualet og i samspelet med andre bibeltekstar og bønner. Til dømes inviterer liturgiens innleiingsord til ei særskilt lesing av Mark 10. Slik ser eg liturgiens innramming som ein meningsberande paratekst til bibelteksten. Medan parateksten er det som rammar inn og gjev meining til teksten innanfor alterboka, finst ein «epitekst» utanfor boka (Genette, 1997, s. 3). For å setje dei ulike liturgiane i kontekst, har eg difor og undersøkt omtalar av dåpsliturgiane i tidsskrift og prosessdokument.

Sjølv om forskingsspørsmålet om forming av Mark 10 er knytt til hendingar, i dette tilfellet eit ritual, så er likevel materialet tekst. Men vi kan merke oss at også kyrkjerommet inngår som eit forsterkande element i den meningsskapinga som skjer i ritualet, slik som at ein frase frå Mark 10 kan vere skriven inn på dåpsfatet, eller at det finst eit måleri av Jesus og borna. Det same kan seiast om dåpssalmar.

Kristiansand» (Fæhn, 1956, s. 153). Det var i det store og heile tale om forkortingar, meir enn endringar. (Sjå også Fæhn, 1956, s.144). Til dømes er Peder Hansens utkast til dåpsliturgi frå 1803 utan Mark 10 og Fadervår (Fæhn, 1956, s.150). For hovudtrekk om utviklinga frå 1899 med vekt på kirkesynet i liturgien, sjå Elstad & Thorkildsen, 2017.

- 6 Utkasta til dåpsliturgi vart diskutert i *Norsk kirkeblad, Kirke og kultur og Luthersk kirketidende*. Sjå t.d. presentasjon i LK 1913.
- 7 Den første sjølvstendige norske omsetjinga av heile Bibelen kom først i 1904 (Rian, 1995, s. 22). Men både før og etter denne omsetjinga vart bibelteksten stadig revidert og fornorska (Holter, 1991, s. 90). Det er altså først med 1920-liturgien, at ein norsk bibeltekst vert lesen. Og etterkvart finst både bokmål og nynorsk versjon av både bibeltekst og alterbok.

I dåpsritualet inngår altså bibelteksten i ein samanheng med andre tekstar, handlingar og objekt som peiker mot dåpen.

Bakgrunn: «Jesus og barna». Markus 10 som ein bibeltekst, forteljing og kulturtekst

Før eg går til den forminga av teksten som skjer i dåpsliturgien, må eg seia litt meir om den forminga som ligg til grunn før bibelteksten kjem til liturgien.

Dei synoptiske evangelia har to tekstperikopar som omhandlar barn, det eg kallar «Jesus og barnet» (Mark 9,33–37 par.) og «Jesus og barna» (Mark 10,10–13 par.). I bruk er dei to forteljingane ofte kopla saman, og hentar meining frå kvarandre. Assosiasjonen viser seg allereie i bibelmaterialet, ved at Matteus og Markus sorterer Jesu utsegn ulikt. Hos Matteus finn vi terskelmotivet ikkje i «Jesus og barna», men i «Jesus og barnet». Resepsjonen av Mark 10 heng altså saman både med ein annan barnetekst (nemleg Mark 9,33–37) og parallelltekstar hos synoptikarane.⁸ Dei to barneforteljingane, eller alle dei seks barnetekstane, inngår i det eg vil kalla ei harmonisert forteljing, nemleg «Jesus og barna».⁹

Det var Luther som gjorde nettopp Mark 10, og ikkje parallelltekstane, til den føretrekte teksten i dåpsliturgien.¹⁰ I *Taufbüchlein* (1526) vart det såkalla «barne-evangeliet» lese like før dåpshandlinga, og gjennom kyrkjeordinansen frå 1537 vart Mark 10 etablert som tekst i dåpsritualet.¹¹ Det er også gjennom luthersk

8 I boka *Jesus – Menneskesønnen. Tekster fra Det nye testamente. Illustrasjoner av Carl Bloch*, er dei to tekstperikopane frå Markus sett saman til ein samanhengande tekst, riktignok med skriftreferansar, men med ei overskrift «Jesus og barna». Teksten står til to måleri utan tittel. Det eine er det omtalte «Jesus og eit barn», og det andre viser Jesus saman med to barn, omkransa av menneske (Cappelen Forlag, 1982, s. 40).

9 Gjenfortellingar av «Jesus og barna» er gjerne resultat av ein større «tekst-blend» der parallelltekstar og dei to tekstperikopane om «barnet» og «barna» inngår. Sjå teori om blending i Lundhaug, 2010, s. 29, og Hartvigsen & Haakedal, 2022.

10 Engelstoft knyter val av Mark 10 til «dei historisk forhold», nemleg å rettferdiggjere barnedåp «mot anabaptister og andre der tvivlede om dens Skrivtmæsighed» (Engelstoft 1840, s.195). No var ikkje dette spørsmålet mindre viktig i Engelstoft si eiga tid, og enno meir med dissenterlova frå 1845.

11 Kyrkjeordinansen vart omsett av Palladius i 1538, og utgjeven i 1542. Det var først i 1556 at ein fekk ei fullstendig ordning for dåp (Fæhn, 1994, s. 109). Kyrkjeordinansen var kortfatta. Sjå moderne utgåve av Ellingsen frå 1990. I avsnittet «Hvordan dåpen skal gå til» står det at dersom barnet er døypt heime, skal ein på ingen måte døype igjen, men kun «lese troens artikler, evangeliet etter Mark. 10 og be Fadervår.» Merk at skriftreferansen «Mark 10,13–16» står i ei fotnote, noko som reflekterer den moderne utgjevaren (Ellingsen, 1990, s. 56). I eit

teologi at framstillingar av Jesus og barna, og seinare også Jesus og barnet, får sin inngang i kyrkjerommet (Aavitsland, 2018, s. 60).

Sidan reformasjonen har teksten hatt fleire bruksområde. I tillegg til å vere lesetekst i dåpsliturgien, er forteljinga om Jesus og barna også ei kulturforteljing. Med det meiner eg at bibelforteljinga er allment kjent, og blir reproduisert i det vi kan kalla populærkultur i bilete og bøker (Assmann, 2008).¹² At forteljinga er kjent heng sjølvstendig saman med at Mark 10 er ein dåpsliturgisk tekst, men forteljinga fungerer også sjølvstendig som ei bibelforteljing for og om barn. Mark 10 er kjent som forteljinga om «Jesus og barna», men det er først i Bibel 78 at tekst-avsnittet får denne overskrifta.¹³

Fordi dei to barnetekstane er kopla saman i det kulturelle minnet, vert element mellom dei ulike synoptiske parallellane og perikopane blanda saman. Til dømes bruker Lukas termen «småborn» [βρέφος], noko som smittar over på tolkinga av «barnet» [παιδίον] i dei andre to.

Eit anna døme på samanblanding av perikopane ser vi i Nikolaikirke (Holbæk kirke) der måleriet av Carl Heinrich Bloch, «Jesus og eit barn» frå 1873, er sett saman med underteksta: «Sannelig siger jeg eder. Den som ikke mottager Guds rike slik som et barn kommer ingenlunde herind. Lucas Evang. 18 Cap 17». Motivet er henta frå det vi kan kalla «Jesus og barnet» medan sitatet er frå «Jesus og barna.» Måleri og skriftsitat er gjerne produsert av to ulike hender, men slik dei står saman fungerer dei likevel som ein einskap. Det interessante i denne saman-hengen er at Bloch sitt måleri vart kopiert til ei rekkje altertavler i norske kyrkjer, og også på desse finst det variasjonar av skriftsitat som står til biletet.¹⁴

Det at Mark 10 er ein barnetekst, er altså ikkje uvesentleg for korleis den blir forstått i ein liturgiske samanheng. I ramma av evangelia har tekstane kvar sin funksjon i kvar sin forteljingskontekst. Men i bruk, som i kyrkjerommet, er alle i spel. Mark 10 kan aktivera både Mark 9, og parallellvariantane hos synoptikarane.

faksimiletrykk av Hans Wingaards førsteutgåve frå 1542 (1988) står det kun «lesse Evangelii Marci» (Ellingsen, 1988, s. 58–59).

12 For Bibelen som kulturell bok i Noreg, sjå Elstad, 2024, s. 35.

13 Overskrifta finst og i Bibelselskapets såkalla «Ungdomsoversettelse» frå 1959. I tidlegare omsetjingar utan overskrifter står det i ingressen til kap. 10 «Jesus velsigner smaa Børn» (Bibelen 1920 og 1930).

14 I Engerdal kirke er «Jesus og barnet» (Peder Haugen, ca. 1873) knytt til sitatet: «La de små barn komme til meg». Og i Grue Finnskog kirke finst motivet mala av Cecilie Dahl frå 1897, med teksten «Uten at I omvender eder og blir som barn, kommer I ingenlunde inn i himlenes rike...». Sitatet liknar det som finst Nikolajkirken, men er henta frå Matt 18 («Jesus og barna»), som omtaler «himmelriket» og ikkje «Guds rike».

Analyse: Dåpsliturgiane som kontekst for Mark 10,13–16

I *Gudstenesteboka for Den norske kyrkja* (s. 288) blir Mark 10 no innleidd med formuleringa: «Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:». Avsnittet er henta frå «Ordning for dåp i hovudgudsteneste» og det som heiter «Mottaking til dåp». Markus 10 nemner ikkje dåp, men den liturgiske konteksten «ladar» bibelteksten med dåpsinnhald. Den innleiande formuleringa er som eit forord, som sørger for at teksten skal forståast riktig (jf. Genette, 1997, s.197). Ho legg føringar på høyringa ved å tilføre ei dåpsteologisk linse. Og som paratekst blir den innleiande formuleringa så og seie ein del av teksten. Slik fungerer Mark 10 som eit Jesus-ord som inviterer til barnedåp.

I det følgjande vil eg visa korleis dei ulike dåpsliturgiane rammar inn og presenterer Mark 10,13–16, dels gjennom liturgiens paratekst og dels gjennom dåpsliturgiens regi.

Alterbok for den norske kirke 1889: «Få den evige velsignelse»

I dåpsliturgien frå 1889 kan ein lesa følgjande:

Lader os høre det hellige Evangelium, som Markus skriver:

Og de førte Smaa Børn til Jesus, for at Han skulde røre ved dem; men Disciplene truede dem, som bare dem frem. Men da Jesus saa det, blev han vred og sagde til dem: Lader de smaa Børn komme til Mig og forhindrer dem ikke! Thi Guds Rige hører saadanne til. Sandelig siger Jeg eder: Hvo, der ikke annammer Guds Rige som et lidet Barn, skal ingensunde komme ind i det. Og han tog dem i Favn og lagde hænderne paa dem og velsignede dem. (Alterbog, 1893, s. 63–64)

Det første vi kan merke oss er at liturgien vektar bibelavsnittet som nettopp tekst: «som Markus skriver». Bibelteksten har ikkje verseinndeling, og det er ikkje angitt kva kapittel det er tale om. Annleis er dette der liturgien introduserer dåpsbefalinga: «Lader os høre Guds ord og befaling om den hellige Daab. Vor Herre Jesus Kristus siger hos Matthæus idet 28de kapitel:»¹⁵ Det er uklart kvifor dette er forskjellig. Det er og påfallande at ordlyden i den liturgiske bibelteksten skil seg frå den då gjeldande bibelomsetjinga (frå 1873).¹⁶ I den første setninga les liturgien «til Jesus» der bibelomsetjinga har «til han» (Mark 10,13a). Slik tydeleggjer den

15 Som nemnt gjengjev alterboka Matt 28 med «riktig» rekkefølga på døype og lære, og peikar slik fram mot den omsetjinga som Bibelselskapet gir ut først 1893, sjå Flatø, 1982, s. 61–62.

16 https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008022504027

liturgiske teksten at det er Jesus det er tale om. Det er truleg nettopp innleiings-orda som skaper dette behovet. Presiseringa «til Jesus» i den liturgiske teksten blir ein del av den nynorske bibelomsetjinga frå og med 1985-utgåva, medan ho ikkje finst i noko bokmålsutgåve. Presiseringa forsvinner så ut av den liturgiske teksten på bokmål med 1981-liturgien.

I det følgjande vil eg visa korleis liturgien, som ein paratekst, skaper meaning. For både bønna og det påfølgjande leddet kan seiast å tolka teksten. Dåpsliturgien opnar med ein tale, med tiltalen «Kjære kristne.» Denne tiltalen vert etterfølgd av Matt 28 og korsteikning over dåpsbarnet. Etter dette kjem det som kan seiast å ramma inn lesinga av Mark 10: Før tekstlesinga kjem ei bøn, og etter tekstlesinga, som fører fram til «haandspaalæggelse paa barnets hoved», Fadervår. Eg vil begynne med bønna som vert lesen like før Mark 10. Ordlyden «faa den evige Velsignelse» og «arve ditt Rige» fungerer som eit frampeik på, men også ein overgang til, bibelteksten som beskriv at Jesus la hendene på «og velsignede dem»:

Allmægtige, evige Gud, vor Herres Jesu Kristi Fader! Vi raabe til Dig over dette Barn (disse Børn), som beder om Din Daabs Gave til Gjenfødelse og evigt Liv. Herre, tag imod ham (hende, dem)! Og som du har sagt: Bede, saa skal eder gives! Leder, saa skulle I finde! Banker paa, saa skal der lukkes op for eder! Saa giv nu denne (disse), som beder, Dine gaver, og luk op Døren for ham (hende, dem), som banker, at han (hun, de) kan faa den evige Velsignelse i dette himmelske Bad og arve ditt Rige, som Du har lovet og tilsagt os alle ved vore Herre Jesus Kristus! (Alterbog, 1893, s. 63)

I bønna, som er lik i Luthers dåpsliturgi¹⁷ dukkar det opp ein bibeltekst utan skriftreferanse, nemleg Matt 7,7. Bønna viser til Jesu ord: «som du har sagt: Bede, saa skal eder gives! Leder, saa skulle I finde! Banker paa, saa skal der lukkes op for eder!». Etter skriftsitatet fortset bønna med ein parafrase med to av dei tre imperativane, men no som oppfordring til Gud: «giv» og «luk op.» Dei to motiva kopla til dåp, som gåve og dør, er slik løfta fram. Ifølge luthersk dåpsteologi er dåpen nemleg både terskel og gåve. Det er gjennom dåpen at ein vert innlemma i den kristne kyrkjelyden.¹⁸ I Pontoppidans forklaringar til Luthers katekisme, er dør-metaforen eksplisitt i spørsmål 641: «Ved Daabens, saasom ved en dør til Guds kirke, indlades

17 I Luther's *Taufbüchlein aufs neue zugericht* frå 1526 kan ein lese: «so reiche nu das Gut dem, der da bittet, und öffne die Tur dem, der do anklopft, dass er den ewigen Segen dieses himmelischen Bades erlande und das verheisen Reich deiner Gabe entpfache durch Christum, unsern Herrn, Amen» (BSELK, 539-540).

18 Sjå diskusjonar om plassering av døypefonten på slutten av 1700-tallet. Mange ville ha den ved inngangen, jf. «Dåpen som naadens første port» i Fæhn, 1956, fotnote 14, s. 159-160.

og indlemmes et Menneske i Guds Naades og de helliges Samfund...» (Pontoppidan, 1816, s.170).¹⁹

Bøna blir altså ei dåpsteologisk linse som Markus-teksten kan lesast med. For terskelmotive finst altså i Mark 10,15 (Luk 18,17), gjennom verbet (εἰσερχομαι) «å koma inn i»:²⁰ «Sandelig Siger jeg eder: Hvo, som ikke annammer Guds Rige som et lidet Barn, skal ingenlunde komme ind i det.» (Bibelen 1873). Bøna kompletterer biletet med døra som skal «lukkes op» (jf. Matt 7). Leddet etter tekstlesinga fungerer også som ei fortolkande forklaring ved at det tydeleggjer forståinga av velsigninga: «Så ville vi til samme Velsignelse hjælpe ogsaa dette lite Barn (disse smaa Børn) med vor andægtie Bøn til Gud:» (Alterbog, 1893, s. 64).²¹ Med andre ord stadfester liturgien det som allereie er implisert i den liturgiske progresjonen, nemleg at det er Jesu velsigning av barna som også Mark 10 fortel om, noko som så vert realisert i ritualet.²²

1920-liturgien: «Så bærer vi med tak og tro»

1920-liturgien er forkorta og gir Mark 10 ei ny innramming.²³ Den innleiande bøna med parafrase av Matt 7 er borte,²⁴ men terskel- og gåvemotivet heng igjen i innleiinga: «Lad os dernæst høre hvor venlig vor Herre Jesus Kristus tager imot de smaa barn og lukker Guds rike op for dem!».²⁵ Med dette er dåpens dørmetafor i enno større grad blitt ei linse for å fortolke bibelteksten. I *Alterbok for Den norske kirke* kan vi lesa:

Lad os dernæst høre hvor venlig vor Herre Jesus Kristus tager imot de smaa barn og lukker Guds rike op for dem!

De bar smaa barn til Jesus forat han skulde røre ved dem, men disciplene truet dem som bar dem. Men da Jesus saa det, blev han vred og sagde til dem: Lad de smaa barn

19 Pontoppidans *Sannhet til Gudfryktighet* kom i ei rekkje ulike utgåver. Her hentar eg sitat frå ei utgåve frå 1816, og før fornya autorisert utgave kom i 1843.

20 Matteus har tilsvarande utsegn i Matt 18,1-3 om «Jesus og barnet».

21 Ein variant av dette leddet kjem inn i Alterboka allereie i 1688, Fæhn, *Gudstjenstelivet*, s. 114.

22 Velsigning som «transfer of power» i NT, og i kristen forståing (Lathrop, 2017, s. 154-155).

23 Alterboka er forøvrig prega av ein særskilt font og illustrasjonar som ikkje alle var like glade for, jf. «vignetters» og «dekorationer» var «under dyrets merke,» sjå Emil Birkeli i «Den nye Alterbok» i LK, 1921, s.10.

24 I kommentar til første utkast heiter det: «Der følger saa en bøn for barnet om Guds naadige velsignelse, men uten den henvisning til bibelstedet om at bede, banke og søke, der ved barnedaab jo maa synes mindre heldig» (LK, 1913, s. 566).

25 I utkastet frå 1916 heiter det: «Hør dernæst hvor kjærlig», sjå Flatø, 1982, s. 166.

komme til meg, hindre dem ikke! Ti Guds rike hører saadanne til. Sandelig siger jeg eder: Den som ikke tager imot Guds rike som et litet barn, han skal ingeni lunde komme ind i det. Og han tok dem i favn, la hendene på dem og velsignet dem. Saa bærer vi med tak og tro vore barn til Herren i den hellige daap, forat de skal faa del i hans velsignelse, og, syndige menneskebarn som de er, under syndens og dødens lov, blive Guds barn av naade ved badet til gjenfødelse og fornyelse ved den Hellige Aand. (Alterbok, 1920, s. 80).

I alterboka går tekstsitatet rett over i liturgiens respons på teksten: «saa bærer vi». Slik blir responsen ei forlenging av bibelteksten. Den liturgiske teksten har ikkje lenger referanse til Markus, men er knytt direkte til Jesus sjølv.²⁶ Dette kan sjåast i samanheng med korleis dåpsbefalinga like før er introdusert som Jesu befaling om dåp, utan referanse til Matt 28: «Kjære kristne! Lad oss høre vor Herre Jesu Kristi befaling om den hellige daap! Mig er givet al magt i himmel og paa jord. Gaa derfor ut og gjør alle folkeslag til disipler, idet I døper dem (...)» (Alterbok, 1920, s.79). Når dei to skriftlesingane er kopla saman med eit «La oss dernæst høre» vert dei to tekstane Jesus-ord framfor Matteus og Markus-ord.

Innleiingsorda understrekar kor venleg Jesus er. Dette er kan hende paradoksalt med tanke på at orda «lad de smaa barn komme til meg» (jf. Mark 10,14) er retta mot læresveinane i vreide og som ein korreks. Liturgiens venlege Jesus leier merksemda mot Jesu invitasjon. Det at Jesus tek venleg i mot, står ikkje i motsetning til omtalen av Jesus i Mark 10, men speler på det Jesus seier om å «ta imot» (δέχομαι) eit lite barn også i Mark 9,36–37 (og Luk 9,48). For det er her barnet er objekt for verbet ta i mot (jf. «annammer»):

³⁶Og han tog et lidet Barn og stillede det midt iblandt dem og tog det i Favn og sagde til dem: ³⁷Hvo der annammer eet af saadanne smaa Børn i mit Navn, annammer mig, og hvo mig annammer, annammer ikke mig, men den, som har udsendt mig. (Bibelen 1899)

I både Mark 9 og Mark 10 legg Jesus armen om eit barn («ἐναγκαλίζομαι»). Det greske verbet kan omsetjast meir emosjonelt enn uttrykket «tog det i Favn».²⁷ Slik får den innleiande setninga fram eit meiningspotensiale som ligg i bibelteksten, og vi kan seie at liturgien realiserer ein intertekstuell moglegheit. Der Mark 9 fortel at barnet blir tatt i mot i Jesu namn, står det i Matt 18,2 sin variant av same

26 I Gustav Jensen sitt utkast (1913) var forslaget opphavleg: «Hør dernæst, hvor venlig vor Herre Jesu tar imot de smaa barna og lukker sit rike op for dem. Ti saa skriver evangelisten Markus i sit evangeliums 10de kapitel:» (LK, 1930, s. 568). Dette finst ikkje i Revideret utkast frå 1917 (s. 41).

27 Sjå diskusjon i Gundry, 2008, s. 156.

forteljing, at Jesus kalla til seg eit lite barn. Dåpsliturgien ser ut til å uttrykkje ei samlesing av Mark 10,13–16 og Mark 9,37, og mogelegvis også Matt 18,2.

Innleiingsorda aktiverer stadig dei sentrale metaforane for frelsa i dåpen, nemleg som «inngang» til Guds rike, og som «gåve». I bibelteksten talar Jesus både om «den som tager imot» og å «komme ind» i Guds rike. Men der bibelteksten seier å «komme ind» med barnet som implisert subjekt, bruker innleiingsorda verbet «lukker op» med Jesus som subjekt. Slik får vi til saman biletet av døra eller porten som kan opnast eller lukkast. Biletet av Jesus som «lukker opp» døra til Guds rike oppstår ikkje i lesinga av Mark 10 åleine, men har sitt opphav i den innleiande bønna frå 1889-liturgien. Men der dørmotivet i 1889-liturgien var eksplisitt i parafrasen over Matt 7,7 «Bank på, så skal det lukkes opp», er det no overført på bibelteksten som les «komme ind i det». Dette biletet av Jesus ved porten, som slepp barna inn, blir faktisk realisert også som kyrkjekunst. I 1932 malar Hugo L. Mohr motivet på veggen i Volda kyrkje.²⁸

Bibeltekstens ordlyd har fleire endringar i omsetjinga frå 1910/1920 som har betydning for samspelet mellom dåpen som hending og bibelteksten. Der den tidlegare omsetjinga på dansk gjenga προσφέρω med «å føra» («de førte smaa Børn til ham» *Bibelen* 1899), heiter det i 1910/20 «De bar smaa barn til ham». Denne nyanse tydeleggjer at det er tale om små barn. Slik skildrar bibeltekstens ordlyd det som er regien i dåpsliturgien, nemleg at ein bar dåpsbarn fram. For bere-motivet er viktig i 1920-liturgien. Ein fekk no ei utvida formulering som understrekar samanhengen mellom dåpshandlinga og bibelteksten:

Saa bærer vi med tak og tro vore barn til Herren i den hellige daap, forat de skal faa del i hans velsignelse, og, syndige menneskebarn som de er, under syndens og dødens lov, blive Guds barn av naade ved badet til gjenfødelse og fornyelse ved den Hellige Aand. (Alterbok, 1920, s. 80)

Bruken av det innleiande bindeordet «Så» tydeleggjer at dåpshandlinga er ein respons på bibelteksten. Samtidig vert Fader Vår, som kjem seinare i liturgien, erstatta med ei bøn utan handspålegging, i og med at barna ikkje blir borne fram før etter bønna.

I bønna som følgjer tekstlesingane kjem ein implisitt referanse til dåpsbefalinga «du har indsat dåpen». I tillegg vert bere- og velsigningsmotivet gjenteke. Slik svarer bønna på begge tekstlesingane, og teiknar opp deira betydning for dåpshendinga:

28 Eit tilsvarande måleri vart gitt i gåve til MF i 1933, og heng i dag ved bønerommet i tredje etasje.

Lad oss bede! Evige, almægtige Gud! Vi takker dig fordi du har innsatt daapen til dit hellig navn i din kirke, og i daapen lover os at du vil være vor Fader, og frelse os fra synd ved din Søn, vor gjenløser, og gjenføde og hellige os ved din Aand. Vi beder dig, tag i mot dette (disse) barn som vi idag bærer frem for dit ansigt og lat det (dem) faa den evige velsignelse i dette hellige bad. Lad det (dem) vokse op i din kirke som dit (dine) barn, lad gudsfrygt og kjærlighet raade i dets (deres) hjem, lær det (dem) at frygte og elske dig og bevar det (dem) fra det onde, indtil det (de) kommer til deg i dit himmelske rike! Amen. (Alterbok, 1920, s. 80–81.)

Bøna peiker på både Matt 28 og Mark 10 som ord som målber eit løfte. Der Matt 28 gjengjev Jesu ord om dåp, kan ikkje Mark 10 seiast å gjere det same, men bøna framstiller dåpshandlinga som eit svar på Jesu løfte, slik ho framstår nettopp i samlesinga av Matt 28 og Mark 10.

Etter forsakinga og vedkjenninga av trua, vert dåpsbarna borne fram til døypfonten. Først etter sjølve dåpen kjem bøna med handspålegging. Slik fungerer dåpsliturgiens regi som ein imitasjon og ei realisering av Jesu handling i bibelteksten: «Og han tok dem i favn, la hendene på dem og velsignet dem.»

Liturgien frå 1981: «Jesus tek i mot barna»

Med *Gudstenesteboka* frå 1981 får liturgien ein tydeleg struktur. Det liturgiske leddet: Føreseigna om dåpen («Dåpsbefalinga» på bm.) består av to tekstlesingar, Matt 28 og så Mark 10. Slik blir samankoplinga mellom dei to enno sterkare enn tidlegare. Den innleiande frasen til lesinga av Mark 10 er tilnærma uendra, men er no forenkla i omtalen av Jesus, i tillegg til at småord som «dernæst» og «de små» er borte.²⁹

Lat oss høyra kor venleg Jesus tek imot barna og lét opp Guds rike for dei!

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei; men læresveinane ville visa dei bort. Då Jesus såg det, vart han harm og sa til dei: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei i fanget, la hendene på dei og velsigna dei. Mark 10,13–16

Med takk og tru ber då vi borna våre til Herren i den heilage dåpen. Dei er fødde med menneskeslekta si synd og skuld, men i dåpen vert dei Guds born, fødde på nytt ved Den heilage Ande. (Gudstjenestebok for Den norske kirke. Del 1, s. 128–134)

²⁹ Bm.: «La oss høre hvor vennlig Jesus tar imot barna og lukker Guds rike opp for dem! (Gudstjenestebok, 1992, s. 130).

Mark 10,13–16 er skilt ut med ein skriftreferanse i Gudstenesteboka, men den påfølgjande formuleringa fungerer framleis som respons på tekstlesinga ved at bere-elementet knyter dåpshandlinga til bibelteksten. Koplinga mellom bibelteksten og resten av liturgien er likevel tona ned.

Gåve-motivet er ikkje konkretisert som å få del i ei velsigning, slik det var i 1920-liturgien. I staden kjem vektlegginga av å bli fødd på ny. Vektlegginga av dåpen som frelse frå synd, og dåp som «ny fødsel», gjer at andre bibeltekstar kjem til, både som skriftord, men også som forklarande ledd i liturgien. I bønna ved døypefonten heiter det «Du har sagt at ingen kan koma inn i Guds rike utan å bli født på ny ... lat den nye fødsel koma ...» (1992, s.132). Her er det ein allusjon til dialogen med Nikodemus (Joh 3), men utan skriftreferanse. Også heilt innleiingsvis kjem no eit forklarande ledd som understrekar at dåpen handlar om frelse: «Kyrkjelyden skal i dag ta imot dette barnet i Guds hus. Ved dåpen vil Gud gje han del i si frelse og ta han inn i si kristne kyrkje.» Etter dette kan ein velje å lesa Joh 3,16. Også her er lesinga utan eksplisitt tekstreferanse, sjølv om referansen står i gudstenesteboka.

Terskelmotivet er altså viktig i den dåpsteologien som ser ut til å prege liturgien. Bibelomsetjinga frå 1978/85 modererer den doble nektinga i Mark 10,15 (οὐ μὴ), før omsett med «ingenlunde» (1920) eller «på ingen måte» (1938), slik at den no heiter «ikkje»: «Den som ikkje tek imot (...) skal ikkje koma inn i det.». Vi kan merka oss at tilsvarende uttrykk i same bibelomsetjing elles er omsett med eit «aldri» (sjå td. Matt 5,20 og Op 21,27). Ei anna endring i bibelomsetjinga, som også gjer Jesus ein tanke mildare, er at verbet ἀγανακτέω (v. 14) er omsett med «harm» og ikkje «vred», slik det heitte i 1920-liturgien.³⁰ Denne endringa frå «vred» til «harm» kjem med nynorsk Bibel frå 1938 og seinare også på bokmål i 1978. Det er ikkje utenkjeleg at det nettopp er brukskonteksten knytt til dåp, som fordrar eit mildare uttrykk.

Liturgien 2011: «Jesus tar imot oss»

Dåpsliturgien frå 2011 har ein ny struktur med stor betydning for Mark 10,13–16 sin funksjon. Den er ikkje lenger kopla saman med Matt 28, og kjem først som ein del av «Mottaking til dåp».³¹ I gudstenesteboka kan ein lese: «Lat oss høyra kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for oss:»

³⁰ I Bibel 1930 heiter det at Jesus ble vred.

³¹ Dåpsbefalinga kjem først etter ein dåpssalme, og lesinga av Matt 28 vert innleia som «Jesus ord og bod om den heilage dåpen».

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inntil seg, la hendene på dei og velsigna dei. Mark 10,13–16 (Gudsteneste for Den norske kyrkja, 2011, 3.4)

I innleiingsorda heiter det ikkje lenger «let opp» eller «lukker» Guds rike opp, men «opnar». Den nye ordlyden vil tydeleg sikra at Jesus framstår som ein venleg terskel-aktør. I alle fall kan ordet «lukker» lett framkalla assosiasjonen stengde dører. Men med denne endringa er óg koplinga til Matt 7,7 der «ἀνοίγεται» stadig er omsett med verbet «lukke» i bokmålsomsetjinga borte, jf: «Bank på, så skal det lukkes opp for dere» (Bibelen 2011).³²

Vidare heiter det ikkje «dei», men «oss»: «Jesus (...) opnar Guds rike for oss:» (mi utheving). Dette vart rett nok endra tilbake allereie i 2017.³³ I vedlegget til sakshandteringa på Kyrkjemøtet ønskte komiteen å vektlegga «at Gud tek imot oss». Som det står: «Dette perspektivet har hatt særlig betydning for plasseringen av og forståelsen av Mark 10,13–16.» (KM 5/11, s. 1).³⁴ Det er ifølgje sakspapir frå same kyrkjemøte uttalt at det er Matt 28 som er «liturgiens fundamentalord», og slik blir dåpshandlinga eit svar først og fremst på dåpsbefalinga (KM 05.1/11, s.14). Vi kan likevel merka oss at i ordning for Stadfesting av nauddåp (etter 1992), kjem Mark 10 stadig innunder «dåpsføresegna».³⁵

I den grad element frå bibelteksten elles er i bruk, handlar det om at Jesus tar imot. I innleiingsorda til Mark 10 har det heilt sidan 1920–liturgien vorte stadfesta at Jesus «tek imot». I liturgi frå 2011 blir dette og understreka også heilt først i dåpsliturgien: «Med takk og glede tek kyrkjelyden imot barnet/borna som i dag skal bli døypt/døypte i Guds hus.» Vidare heiter det:

32 Formuleringa liknar no andre bibeltekster om dører som kan opnast og lukkast, som t.d. Matt 25,11 om brudejentene, som nyttar verbet «opne» (ἀνοίγω).

33 Sjå høyringsspørsmål nr. 8 «frå oss til dem» i «Høringsdokument til Kirkerådets forslag til revidert ordning for dåp i hovedgudstjenesten (2015)», s. 7.

34 Ifølgje Harald Hegstad kom den nye rekkefølga til ved eit benkeforslag på Kyrkjemøtet, og ei av innvendingane var nettopp at det ville medføre ei svekking av Mark 10 som dåpstekst.

35 <https://ressursbanken.kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjenesteliturgi/nno%20stadfesting%20av%20nauddap%20onynorsk%20.pdf>

*Gud har gjeve oss livet og skapt oss til fellesskap med seg. Etter sitt ord og sin lovnad tek Gud imot oss i dåpen og frelser oss frå synd og død. Vi blir sameina med Jesus Kristus til eit nytt liv, og vi blir innlema i den kristne kyrkja.*³⁶

I bibelteksten heiter det «Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det». I alternativa til takkebøner som følgjer etter tekstlesinga, er det likevel borna og livet ein takkar for mest eksplisitt, og slik vert barnet i seg sjølv nærast som ei gåve å rekne. Det skjer altså ei meiningsoverføring i samspillet mellom innleiingsorda og tekstlesinga: Som Jesus (Gud) og kyrkjelyden tek i mot barna, slik skal også barna ta i mot Guds rike.

I resten av den liturgiske innramminga ser gåve-motivet ut til å fortrenge vektlegginga av dåp som terskel. Terskel-motivet handlar om å koma inn i den kristne kyrkja, og om frelse frå synd og død. Til desse motiva gjev Mark 10 lite input. Med dette får den liturgiske bibelteksten ein ny funksjon. Den blir først og fremst ein barnetekst og Jesustekst. Dette motivet ser ut til å bli spegla i bibelomsetjinga, som gir Jesus ei stadig mildare framtoning.

Der det før heitte at Jesus «tok dei i fanget», heiter det no «Så tok han dei inntil seg», som gir assosiasjonar til ei kjærleg omfamning. Denne omsetjinga er ei konkordant omsetjing av det greske ἐναγκαλιζομαι. Ei annan nyansering er at Bibel 2011 gjengir verbet ἀναγκτέω med «sint», mot «harm» i 78/85-omsetjinga (v.14). Denne endringa handlar nok mest om allmenn språkbruk, og kan tolkast som eit forsøk på å gjere Jesus mindre framand. For ordet «harm» dukkar sjeldan opp i Bibel 2011, men der det finst, har det ein mørkare klang enn «sint». (jf. Matt 2,16, Ordt 27,3–4). I 2011-omsetjinga er ἀναγκτέω omsett med anten å vere «sint» eller «arg». Ifølge Matt 26,8, er læresveinane «arge» (Bibel 2011), mot «harme» i Bibel 1938. Her er altså små nyansar som til saman kan seiast å framstille Jesus meir tydeleg som ein som er særskilt venleg overfor barn.

Liturgien 2017: «Dyrebar i dine auge»

Liturgien frå 2011 viste seg å vere for tung og ordrik, og allereie i 2017 vart han revidert. I gudstenesteboka kan vi lesa: «Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:» (Gudstenestebok, 2020, s. 288). Innleiingsorda si merksemd mot «dei» tilfører stadig dåpsteologisk linse til lesinga av Mark 10. Men terskel og gåve-motiva pregar ikkje innramminga av bibelteksten i særleg grad. Lesinga av Mark 10 skjer i den såkalla «mottakings-delen», og innleiingshelsinga understrekar no at det er Gud som tek i mot barnet: «Med takk og glede kjem

36 «Ordning for dåp i hovudgudstenesta», 3.3 i Gudsteneste for Den norske kyrkja, Eide, 2011.

vi i dag med NN/dykk til Gud i den heilage dåpen. I Dåpen tek Gud imot oss og sameinar oss med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.»

Etter lesinga av Mark 10, takkar ein for livet, for barnet som blir døypt, og ein ber om at barnet må få ein heim i kyrkja:

L: Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for NN/NN (fornamn), som i dag skal bli døypt/døypte. Ho/Han/Dei er dyrebar(e) i dine auge. Ver hos henne/han/dei med din kjærleik og gje henne/han/dei ein heim i di kyrkje. Amen.

Bøna har ingen klare koplingar til teksten. Her er gåvemotivet brukt først om barnet sjølv, og deretter om «heimen» i kyrkja. Igjen har gåve- og dørmotivet fått eit nytt bilete, nemleg ein heim. Og det som før var vektlegging av velsigninga som Jesus gir og dåpen som inngang til Guds rike, handlar det no meir om barnet som gåve. Dåpen er ikkje lenger først og fremst ein terskelrite, men like mykje ei feiring av livet. Vi ser og større innslag av skapingsteologi (jf. Hegstad, 2019, s.185). Det har skjedd ei forskyving i dåpsteologien, og tekstlesinga underbyggjer det som vert oppfatta som det sentrale i dåpshendinga, nemleg at Gud tek i mot barnet. Slik får endringa av dåpsteologien også følgjer for bibeltekstens meningspotensiale.

I vedtaksdokumentet frå Kyrkjemøtet i 2017 kjem det fram at betydninga og plasseringa av Mark 10 i dåpsliturgien vart diskutert. Om saka kan ein innleiingsvis lesa: «Mark 10 kan oppfattes som en dåpstekst, eller kun som en åpen invitasjon fra Jesus til barna.» (KM 05/17, s. 2). Eit mindretal ønskte å gå tilbake til den opphavlege plasseringa av Mark 10 etter Matt 28, med vekt på at teksten då ville framstå tydelegare som ein dåpstekst. Kyrkjemøtet enda likevel opp med å vedta ein liturgi som framleis har Mark 10 før dåpsbefalinga, og i innleiingsdelen.

Oppsummering: Dåpsteologisering, imitasjon, og Jesus og barna-forming

Korleis formar dåpsliturgiane Mark 10? Eg vil oppsummera analysen i fire hovudpunkt:

For det første tilfører alle liturgiane ei dåpsteologisk linse til lesinga av Mark 10, gjennom å forsterke terskel- og gåvemotiv, særleg gjennom innleiingsorda. Mark 10 blir ein tekst ikkje berre om å komme inn i Guds rike, men ein invitasjon til dåp. Denne «dåpsteologiseringa» er sterkast i dei eldste liturgiane, der ein også spelar ut Mark 10 gjennom regien i liturgien.

Det leier til det andre punktet: Mark 10 fungerer som modelltekst for «velsigninga» som dåpen gir og det «å bera» fram barn, samt som invitasjonstekst som fortel at Jesus «tek i mot». Slik heng den dåpsteologisk lesinga av Mark 10 også saman med imitasjonar i liturgien.

For det tredje er Mark 10 eit Jesus-ord som vert brukt for å legitimere barne-dåp. I Mark 10,15 heiter det «Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det» (*Bibelen* 2011). Innleiingsorda, som går tilbake til 1920, kan synast å tolke oppfordringa til å «ta i mot» til at det er Jesus som tar i mot, og verbhandlinga å «koma inn i», blir til at det er Jesus som opnar opp Guds rike. Truleg har denne verboverdraginga med sakramentsforståing og Jesu rolle i nådemiddelet å gjere. I samankopling med Matt 28 (dåpsbefalinga) i både 1920 og 1981-liturgien, blir dette elementet forsterka. Alt i alt ser eg ei utvikling i liturgiane frå dåpsteologisering av Mark 10, til vektlegging av Jesu invitasjon, og seinare understreking av barnets verdi. Og dette kan seiast å vere den fjerde forminga av bibelteksten. Det finst gjennomgåande spor av ein intertekstualitet i alle liturgiane knytt til «Jesus og barna-forteljinga». Desse spora blir stadig tydelegare, også fordi bibelomsetjingane formar eit mildare Jesusbilete over tid. Jesus vart først «vred» (bm. 1930), så «harm» (nn. 1938 og 1978/85), og til slutt «sint» (*Bibel* 2011). Både i Mark 9 og 10 understrekar tidlegare omsetjingar at Jesus la barnet i fanget («tog det i Favn» *Bibelen* 1899). Seinare omsetjingar les at «han tok dem inn til seg» jf. Mark 10,16 (*Bibelen* 1978), «han tok dei i fanget» (nn. 1985), og seinast «Han la armen om barnet» (*Bibelen* 2011).

Analysen viser altså at den liturgiske bibelteksten er ein formbar tekst, med ulik vektlegging i dei ulike liturgiane. Endringar i dåpsteologien får konsekvensar for dåpsteologiseringa av Mark 10. Innleiinga sin ordlyd har stadig ein dåpsteologisk klangbotn: «Høyr kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei». Frasen kan stadig seiast å henta motiv frå Matt 7, i samspel med Mark 9,36–37.

Konklusjon: Den liturgiske bibelteksten

Bibeltekstar har ei litterær ramme i Bibelen som er sentral for bibeltolking. Men Bibelen utgjer ikkje det einaste utgangspunktet for meiningsskaping. Når Bibelen er i bruk, er fleire element i spel. Innleiingsvis, spurde eg: Korleis formar dåpsliturgien Mark 10,13–16?

I dåpsritualet har Mark 10 ei liturgisk innramming som blir til ein eigen nærkontekst. Denne nærkonteksten er naturleg nok konstruert på dåpsteologien sine premisser. Slik kan Mark 10 seiast å verte ein dåpstekst i bruk, fordi han er kopla til barnedåp i gudstenesta. Men det er altså mindre dåpsteologisk overføring på Mark 10 i dagens liturgi. Mark 10 har fått ein annan funksjon som ei Jesus- og barna-forteljing.

Ifølge Foster kan repetisjonar av Bibelen i kunst eller populærkultur både setje i gang og etablere stadig nye forståingar av bibelforteljinga (2020, s. 48). Forteljinga om «Jesus og barna» har gjennom tidene blitt forma gjennom bilete,

skriftsitat og gjenforteljing. Slik fungerer dåpsliturgien som ein forsterkar, gjennom assosiasjon, trass stadige justeringar i liturgien. Men har så forminga av den liturgiske bibelteksten kraft til å prega forminga også av bibeltekstens ordlyd? Forminga av Bibelen skjer på to ulike nivå: både gjennom parateksting og gjennom nye bibelomsetjingar. Når dei to kan sjå ut til å prega kvarandre, er det truleg på grunn av tilleggseffekten som finst i ritualet.

Når det gjeld bibeltekstens ordlyd, er det berre på eitt punkt at den liturgiske bibelteksten faktisk skil seg frå den gjeldande bibelomsetjinga. I liturgien frå 1889 heiter det «Og de førte smaa Børn til Jesus», og ikkje «Og de førte smaa Børn til ham» (*Bibelen* 1889). Her tydeleggjer liturgien at det er Jesus det handlar om. I så måte er dette ein føregangstekst, for frå og med bibelomsetjinga 1978/1985 heiter det også her «Jesus», men rett nok berre i nynorskversjonen. Det at liturgien set i gang endring, ser vi truleg spor av i bibelomsetjingane når ordlyden går frå «føre» til «bere» (jf. 10,13), og når teksten mildnar Jesu sinne (jf. 10,14), og når den dempar formuleringa om å ikkje komma inn i Guds rike (10,15). Kultur skaper altså tekst (Beal, 2011).

Forming av Bibelen gjennom bibelomsetjingar er sjølvsagt ein kompleks prosess, men studien viser at den liturgiske bibelteksten, som blir til gjennom dåpsliturgiens paratekst og rituell bruk, har stor betyding også for utforminga av den faktiske bibelteksten i ulike bibelomsetjingar. Det er ikkje tvil om at «Jesus og barna-forteljinga» har ein særskilt status i kraft av at Mark 10,13-16 er ein del av dåpsliturgien. Slik pregar den liturgiske teksten (Mark 10,13-16) lesingar av den same teksten også utanfor dåpsliturgien.

Bibliografi

- Assmann, A. (2008). Canon and archive. I A. Erll & A. Nünning (Red.), *Cultural memory studies: An international and interdisciplinary handbook* (s. 97-107). De Gruyter.
- Beal, T. (2011). Reception history and beyond: Toward a cultural history of scripture. *Biblical Interpretation*, 11, 357-372.
- Beckmann, M.K. (2015). Noter til gjenfødelse. Dåpsteologien i parateksten til Bibelselskapets oversettelser 1959-2011. *Teologisk Tidsskrift*, 4, 391-415.
- Beckmann, M.K. (2017). *Bibelselskapets kristologi. Ideologi og oversettelse* [Doktoravhandling, Universitetet i Agder].
- Bradshaw, P.F. (1992). The use of the Bible in liturgy: Some historical perspectives. *Studia Liturgica*, 22, 35-52.
- Breed, B. (2014). *Nomadic text: A theory of biblical reception history*. Indiana University Press.
- Bryant, J. (2002). *The fluid text: A theory of revision and editing for book and screen*. University of Michigan Press.

- Buch-Hansen, G. (2020). "Permit the slaves to come to me." Reimagining Markan church and household ethics. I L.H. Bylund, R. Falkenberg, M.B. Kartzow & K.B. Larsen (Red.), *Nordic interpretations of the New Testament: Challenging texts and perspectives* (s. 17–41). Vandenhoeck & Ruprecht.
- Dokka, T.S. (2015). Dåpsliturgien – mellom folkelig lutherdom og liberal pietisme. I H. Balsnes (Red.), *Gudstjeneste à la carte: Liturgireformen i Den norske kirke* (s. 80–97). Verbum Akademisk.
- Engelstoft, C.T. (1840). *Liturgiens eller Alterbogens og Kirkerituals historie i Danmark*. Reitzels Forlag. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2012070608264
- Ellingsen, T. (1988). *Kirkeordinansen 1537/39: «Den rette ordinants»: Til prof. dr. theol Helge Fæhn på 70-årsdagen 13. desember 1988*. Verbum.
- Ellingsen, T. (1990). *Kirkeordinansen av 1537: Reformasjonens kirkelov*. Verbum.
- Elstad, H. & Thorkildsen, D. (2017). Hvilket kirkesyn gjenspeiler dåpsritualet fra 1889 til i dag. *Kirke og Kultur*, 122(4), 374–394.
- Elstad, H. (2024). The Bible in the Nordic welfare states. I M.B. Kartzow, K.B. Larsen & O. Lehtipuu (Red.), *The Nordic Bible: Bible reception in contemporary Nordic societies* (s. 23–36). De Gruyter.
- Flatø, L. (1982). *Den store liturgirevisjonen i vår kirke 1886–1926: En kirkehistorisk undersøkelse*. Gyldendal.
- Foster, C.L.E. (2020). Familiarity and recognition: Towards a new vocabulary for classical reception studies. I D. De Pourcq, J.W. De Haan & D. Rijser (Red.), *Framing classical reception studies: Different perspectives on a developing field* (s. 33–69). Brill.
- Fæhn, H. (1956). *Ritualspørsmålet i Norge 1785–1813: En liturgisk og kirkehistorisk undersøkelse med særlig henblikk på geistlighetens stilling til tidens reformplaner*. Land og Kirke.
- Fæhn, H. (1994). *Gudstjenestelivet i Den norske kirke. Fra reformasjonstid til våre dager*. Universitetsforlaget.
- Genette, G. (1997). *Paratexts: Thresholds of interpretation* (Literature, Culture, Theory 20). Cambridge University Press.
- Gundry, J.M. (2008). Children in the Gospel of Mark, with special attention to Jesus' blessing of the children (Mark 10:13–16). I M.J. Bunge, T.E. Fretheim & B.R. Gaventa (Red.), *The child in the Bible* (s. 143–176). Eerdmans.
- Hartvigsen, K.M. & Haakedal, E. (2022). Jesus' parables for and by ten-year-olds: Applying blending theory in in-depth analyses of pupils' RE texts, RE textbook passages, and teacher's handbook passages in the context of Norwegian inclusive public religious education. *British Journal of Religious Education*. <https://doi.org/10.1080/01416200.2022.2052803>
- Hegstad, H. (2019). *Dåpen. En nådes kilde*. Verbum Akademisk.
- Holter, Å. (1991). Kampen for norsk bibel og norsk bibelspråk. I *Bibelen i Norge* (s. 73–98). Det Norske Bibelselskap.
- Ihlen, C. & Sverdrup, E. (1913). Utkastet til ny dåpsliturgi. *Luthersk kirketidende*, 50, s. 565–571.
- Ihlen, C. & Sverdrup, E. (1913). Stiftsprovst G. Jensens utkast til nytt dåpsritual. *Luthersk kirketidende*, 50, s. 580–584.

- Justnes, Å., Hagelia, H. & Vegge, T. (2013). *Ny bibel, nye perspektiver: Grunntekster, oversettelse og teologi*. Portal Akademisk.
- Kirkemøtet. (2011a). *KM 5/11 Gudstjenestereformen – dåp i hovedgudstjenesten*. https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/migrering/km_05_11_daap_hovedgudstj.pdf (henta 1. juli 2024).
- Kirkemøtet. (2011b). *KM 5.1/11 Gudstjenestereformen – dåp i hovedgudstjenesten*. https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/migrering/km_5_1_11_daap_i_hovedgudstjenesten.pdf (henta 2. juli 2024).
- Kirkemøtet. (2017). *KM 05/17 Revisjon av dåpsliturgi*. https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/2017/vedtak/km_05_17_revisjon_daapsliturgi_vedtak.pdf (henta 2. juli 2024).
- Lathrop, G. W. (2017). *Saving images: The presence of the Bible in Christian liturgy*. Fortress Press.
- Lied, L.I. & Lundhaug, H. (2017). *Snapshots of evolving traditions: Jewish and Christian manuscript culture, textual fluidity, and new philology* (Vol. 175). De Gruyter. <https://doi.org/10.1515/9783110348057>
- Lundhaug, H. (2010). *Images of rebirth: Cognitive poetics and transformational soteriology in the Gospel of Philip and the Exegesis on the Soul*. Brill.
- Luther, M. (1526). *Das Taufbüchlin aufs neu zugericht*. I *Die Bekenntnisschriften der evangelisch-lutherischen Kirche* (7. utg., s. 535–541). Vandenhoeck & Ruprecht.
- Pontoppidan, E. (1816). *Sandhed til gudfrygtighet*. O.P. Moe. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2021111926005
- Rian, D. (1995). *Norske bibeloversettelser – sett på bakgrunn av dansk-norsk bibeloversettelsestradisjon*. I *Bibel og oversettelse* (s. 9–42). Tapir.
- Veiteberg, K. (2006). *Kunsten å framføre gudstjenester: Dåp i Den norske kyrkja* [Doktoravhandling, Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo].
- Wolterstorff, N. (2018). *Acting liturgically: Philosophical reflections on religious practice*. Oxford University Press.
- Aadland, I. (2023) «I Guds hender». Det gamle testamente i gravferdsliturgien. I T. Stordalen, A. Aschim, K. Berge, K. Holter, K. Joachimsen & M.H. Lavik (Red.) *Samklang: Det gamle testamentet i Den norske kirkes prekener* (s. 224–238). Verbum.
- Aavitsland, K.B. (2018). *Let the children come to me: Representations of children in the confessional culture of Lutheran Scandinavia*. I R. Aasgaard, M. Bunge & M. Roos (Red.), *Nordic childhood 1700–1960: From folk beliefs to Pippi Longstocking* (s. 58–75). Routledge.

Bibelutgåver

- Bibelen eller Den hellige Skrift, indeholdende det Gamle og Nye Testaments kanoniske Bøger*. (1889). Ny udgave. Det norske Bibelselskabs Forlag.
- Bibelen eller den hellige Skrift, indeholdende det gamle og det nye testamentes kanoniske bøker*. (1910). Ny oversættelse. Det Norske Bibelselskaps forlag.

Bibelen eller Den hellige Skrift, indeholdende det Gamle og det Nye Testaments kanoniske bøger. (1920).

Ny oversættelse. Det Norske Bibelselskabs Forlag.

Bibelen. (1930). Bibelselskapet.

Bibelen. (1938). Bibelselskapet.

Det nye testamente: Oversatt for ungdom. (1959). Bibelselskapet. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008052304066

Bibelen. (1978). Bibelselskapet.

Bibelen. (2011). Bibelselskapet.

Jesus – Menneskesønnen: Tekster fra Det nye testamente. (1982). Illustrert av Carl Bloch. Cappelen.

Alterbøker og dåpsliturgiar

Alterbog for Den Norske Kirke. (1893). Grøndahl. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2009022603036

Revideret utkast til alterbok for den norske kirke. (1917). Kristiansand: Søndenfjeldske trykkeri. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013100308088

Alterbok for Den Norske Kirke. (1920). Kristiania: Selskapet til kristelige andagstbøkers utgivelse. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2012070305040

Gudstjenestebok for Den norske Kirke. Del 1: Gudstjenester. (1992). Verbum.

Ordning for dåp i hovudgudstenesta, i Gudsteneste for Den norske kyrkja. (2011). Eide forlag.

Gudstenesteboka for Den norske kyrkja. (2020). Eide forlag.

Kirkeministeriet. (1992). *Dåb: Autoriseret ved kgl. resolution af 12. juni 1992. Dåb og fremstilling.* <https://www.nordiskliturgi.dk/DK/daab92.pdf> (henta 8.juli 2024).